



DEN NORSKE KYRKJA

Årdal kyrkjelege fellesråd

Det kongelige Barne-og familiedepartement
Postboks 8036 Dep
0030 Oslo

Vår ref.
20/1172-2

Dykkar ref.

Sakshandsamar
Johanne Molland

Direktenr. 477 99 135

Arkiv
121

Dato: 07.10.2020

Det kongelege barne- og familiedept. sende 13. juli 2020 ut «Forslag til forskrift om økonomiforvaltninga i sokn i Den norske kyrkja». Høyringsfrist er 12. oktober 2020.

Forskrifta knyter lokalkyrkjeleg økonomi til kommunale prinsipp for økonomiforvaltninga, og den gjeldande forskrift er frå 2003.

Framlegg til forskrift som no er send på høyring er i stor grad vidareføring av reglane som i dag er i «Forskrift om økonomiforvaltning og kyrkjelege fellesråd og sokneråd i Den norske kyrkja», men det tek opp i seg fleire av endringane i dei kommunale reglane som kom i samband med ny kommunelov i 2018 og påfølgjande forskrift med meir pedagogiske økonomireglar. Framlegget er óg tilpassa den nye trussamfunnslova.

Det er i hovudsak forskriftsutkastet i del 2 me skal gi uttale om no, men dept. ber óg om synspunkt på framlegget i del 3, der tidsfristar og arbeidsfordeling mellom adm., vald råd og revisor med rekneskap er vurdert, med sikte på seinare revisjon av forskrifta.

Sjå elles vedlagde høyringsbrev, høyringsnotat og framlegg til forskrift om økonomiforvaltninga i sokn i Den norske kyrkja.

Framlegg til vedtak

Høyringsuttale frå Årdal kyrkjelege fellesråd vedr. «Forslag til forskrift om økonomiforvaltninga i sokn i Den norske kyrkja»:

Til del 2:

- 2 Det er positivt at kyrkja skal vidareføre bruk av kommunale rekneskapsprinsipp.
- 3 Dei språklege endringane for fellesråd og sokneråd er forståeleg med bakgrunn i arbeidet som er sett i gang med ny organisering, men endringane bør avventast.
- 4 Tilpassing til ny kommunelov med forskrift er ok.
- 5.3 det bør ikkje vere pålagt å setje opp investeringsbudsjett og –rekneskap når det ikkje skal gjerast investeringar i budsjettåret.
- 5.7 Det er ein fordel at ein framleis kan nytte disposisjonsfond til å finansiere investeringar.
- 6.1 Det kan gi utfordringar framover om tilskotet til kyrkjegardar skal skiljast ut frå resten av tilskotet til drift av kyrkja, ikkje nødvendigvis pga. økonomien, men pga. at det kan legge grunnlag for/gjere det enklare å skille gravferdsforvaltninga heilt ut frå kyrkja.

Postadr.:
Årdal kyrkjelege fellesråd
Postboks 41
6881 ÅRDALSTANGEN
E-post: jmo@ardal.kommune.no

Telefon:
477 99 135

Org.nr :
976 996 127

Bankgiro:
3730.02.68715

Til del 3:

- Årdal kyrkjelege fellesråd stiller seg positiv til endringane det vert lagt opp til i del 3. .

Til del 4:

- Det er positivt at kyrkja skal videreføre bruk av kommunale rekneskapsprinsipp.
- I og med at det no går i retning av å likestille Dnk og andre trussamfunn, kan det vere eigna at departementet gir alt av forskrift for økonomiforvaltninga for kyrkja. Dette grunngjeve med at alle trussamfunn då rapporterar på felles krav og grunnlag.

For Årdal kyrkjelege fellesråd

Oddbjørn Einan (s)

-leiar-